



Lindås VVS AS

Pb. 42
5951 LINDÅS

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2009/777 - 20978/2009	Trygve Solberg - 56 37 56 26	89/21	22.09.2009

Delegert sak

Utsleppsløyve og løyve til utføring av avløpsanlegg – Kaare Gaulen - gbnr 89/21 og 22, Haugsmyr

Vi viser til søknad om utsleppsløyve motteken 23.04.2009 og vedlagt:

- Situasjonsplan motteken 14.05.2009
- Søknad om ansvarsrett
- Stadfesting av avtale med grunneigar motteken 19.08.2009
- Stadfesting av tømmeordning 07.07.2009

Saksutgreiing/Vurdering

Søknaden gjeld utslepp for ny hytte, søknad motteken 24.08.2009.
Det er søkt om minireinseanlegg klasse 1 – felles anlegg for 3 hytter.

Reinsekravet for området var minireinseanlegg klasse 1 etter *Lokal forskrift for bruk av mindre avløpsanlegg i Lindås kommune* med heimel i *Forskrift om utslipp frå mindre avløpsanlegg* av 12.4.2000.

Det har komme nytt regelverk for kloakkutslepp *forskrift om om begrensnig av forurensning fastsett 1.6.2004, (forurensningsforskriften), kapittel 12*, som tok til å gjelda 1.1.2007. Den lokale forskrifta vart oppheva frå same dato, og det er ikkje fastsett ny. Saka skal difor handsamast etter den nye landsdekkande forskrifta.

Reinsekrava i den oppheva lokale forskrifta vert her brukt som rettleiande for vurdering av søknaden, men heimel for vedtaket er den nye forurensningsforskrifta.

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ .
"Fullstendig søknad i overensstemmelse med krav i forurensningsforskriften § 12-7 til § 12-13 skal avgjøres av kommunen innen seks uker".

Fristen går frå den dagen komplett søknad er motteken, altså 18.08.2009.

G.2.1. Utsleppsløyve	4.000,-
----------------------	---------

Reinsekravet i dette området er minireinseanlegg klasse 1, også når avløpet går til sjø. Avløpsanlegget skal dimensjonerast for 3 hytter. Det er sendt eigen utsleppssøknad for kvar av eigedommane gbnr 89/35, 89/10 og 89/21.

Eigar av gbnr 89/6 stadfester i dokument datert 31.07.2009 avtale om utføring av utsleppsleidning:

"Eier av G /Bnr 89/6 stadfester at eiendommene G/Bnr 89/10, 89/35 og 89/21 får rett til å føre avløpsvann fra Biovac renseanlegg over eiendom G/Bnr 89 /6, for utløp til sjø. Stadfesting gjelder også rett til legging av rør for vatn og avløp, i trase som avtalt ved befarig ved Bjarne Træland og ansvarlig rørlegger Nils-Arne Træland, Lindås VVS. Avløp fra Biovac FDN10 skal føres til sjø og 100 meter ut i sjø fra land. Dvs godt forbi grunna i området, og deretter avsluttes på djupt vatn. Det skal være tett ledning helt fra renseanlegg til avslutning. Eksisterende drensledning skal ikke brukes.

Ledning skal legges i eksisterende grøft for vannledning . Der ledning går ut i sjø skal den legges så dypt at den ikke er lett synlig fra land. Ledning skal inspiseres før pågraving. Avtalen forutsetter at ovenstående inngår i aktuelt vedtak i Lindås Kommune."

Vedtak:

Med heimel i forskrift om om begrensning av forurensning fastsett 1.6.2004, (forurensningsforskriften), kapittel 12, vert det gjeve utsleppsløyve på følgjande vilkår:

1. Avløpet skal reinsast med typegodkjent, prefabrikkert biologisk og kjemisk minireinseanlegg klasse 1, før utslepp gjennom tett ledning til sjø.
2. Utsleppsleidningen skal utførast i samsvar med stadfesting frå eigar av gbnr. 89/6 datert 31.07.2009
3. Det skal sendast inn avtale om levering og service for minireinseanlegg.
4. Slamavskiljaren skal plasserast slik at den kan tømmast av slamsugarbil.§
5. Eigar av utsleppsløyvet er ansvarleg for evt. forureining, jfr. § 7 i Forureiningslova. Tomta skal knytast til offentleg eller anna felles vass-og kloakksystem og evt. overvassleidning dersom dette vert lagt over eller i området. Kommunen gjer merksam på at det kan verta kravd del av refusjon for anleggsutgifter til leidningar for vatn og kloakk. Storleiken på beløpet skal fastsetjast av kommunen. (PBL § 66.2)

Med heimel i plan- og bygningslova § 93 vert det gjeve løyve til utføring av avløpsanlegg i samsvar med utsleppsløyvet ovanfor.

Anlegget må ikkje takast i bruk for det er gjeve ferdigattest eller mellombels bruksløyve (pbl § 99)

Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a. Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

SØK		Lindås VVS Nils Træland AS
PRO/KPR	Sanitæranlegg tkl.1	Lindås VVS Nils Træland AS
UTF/KUT	Sanitæranlegg tkl.1	Lindås VVS Nils Træland AS

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Tor Hegle
fagleiar byggesak

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Kopi til:

Kaare Gaulen

Alfhild, Helge Arvid og Bjarne Træland Haugsmyr

VVA - teknisk drift

5956 VÅGSEIDET

5956 VÅGSEIDET